



Haustinfo - Landro SFO

Her er ei lita oppdatering frå oss på SFO☺ Vi har hatt ein flott haust med all slags vør. I august og september brukte barn og vaksne tid på å skape gode rutinar i samband med oppstarten av skuleåret. Nye barn og vaksne skulle bli kjent med kvarandre, og nye lokale takast i bruk. Det handlar om å finne den gode rytmen saman. Dette arbeidet har vi kome eit godt stykke på vei med. Vi har fått blitt kjend med nye barn og kome oss inn i gode rutinar. Vi har tatt i bruk SFO-basen nede i kjellaren og barna ser ut som dei trivst her, det gjer også vi vaksne.

Aktiviteten denne månaden (nov) har vore å lage oss eit bursdagstog som vi skal pynte SFO-basen med. Ellers er det både lego og perling som er ein populær inneaktivitet. Den frie spontane leiken ser vi mykje av på SFO. Det handlar om at barna sjølv tar initiativ til leik og dei vaksne legg til rette for dette.

Vi legg også til rette for mykje uteaktivitet heile året. Barna liker å vere aktive ute, og vi ser kor viktig det er. Etter ein lang skuledag er det godt å kunne vere i fysisk aktivitet. Ei gruppe har også gymsalen kvar onsdag etter mat.

Kvar **tysdag** har vi starta opp med **4.klasse-klubb**, her får barna frå 4. klasse bestemme kva denne klubben skal gjere på. Fram til jul har dei laga seg ein plan som gymsal, leik på loftet, film etc. Denne aktiviteten er etter leksehjelp, altså frå klokka 14.00 til 15.30. Då er barna opptatt i klubb☺ hent barna tidlegst kl. 15.30. Sist tysdag var klubben på tur til gamleskulen med bålkos og leik.

Kvar fredag har vi film, frileik og kosemat☺, frå 30. november skal vi ha julebingo for 2., 3. og 4.klasse. Her blir barna delt i grupper.

I slutten av månaden set vi i gong med litt hemmelege juleaktivitetar☺ Dei vil gå føre seg trinnvis.

Gradestokken kryp stadig nedover, og det betyr derfor også meire og tjukkare klede, som fleece, lue og vottar/ hanskar. De bør sjekke garderoben ein gong for veka, Hugs å merk kleda til barna med namn.

Vi prøver så godt vi kan å sjå til at alle er skikkeleg kledd og at dei skiftar til tørre klede viss dei er våte. Vi håper de foreldre òg vil snakke med barna om påkledningen, for det er av og til vanskeleg å få på dei regn-/vinterklede.

Vi anbefaler at barna ikkje har med eigne leiker på SFO.



Viktig å presisere at ettermiddagsplass er til 15.30, barnet må bli henta innan dette☺

Vennleg helsing
dei vaksne på SFO

Hege, Evelyn, Cecilie, Renate, Else, Randi, Eli, Monica D, Monica S, Iren, Steffen og Mona.

